

REKNESKAPSUTTREKK MAI 2025

Tala byggjer på eit uttrekk frå rekneskapssystemet og er ikkje direkte samanliknbare med det som framkjem i dei offisielle tertial- og årsrapportane. Tala er ikkje delt ut i tid (periodisert). Dette har innverknad på viktige tal som til dømes renteutgifter og avdrag som forfell til ulike tidspunkt i løpet av året. Andre postar som avskrivningar og nokre pensjons- og skatteføringar, skjer berre i samband med årsoppgjeret

Tala per april 2025 er samanlikna med tilsvarende periode i 2024 og 2023, for å synleggjera utviklinga over tid.

Rekneskapsuttrekk 17.06.2025

KONTOGRUPPE. MAI 2025 (MNOK)	REKN 2023/05	REKN 2024/05	REKN 2025/05	Endring 2023-24	Endring 2024-25	Prosent 2024-25
Rammetilskot	-158	-171	-180	-14	-8	5 %
Skatteinntekter	-124	-131	-143	-7	-12	9 %
Eigedomsskatt	-21	-20	-21	1	-1	6 %
Salsinntekter	-48	-45	-48	3	-3	7 %
Andre driftsinntekter	-45	-36	-36	9	-1	2 %
SUM INNTEKTER	-397	-403	-428	-7	-25	6 %
Lønn, sosiale utgifter	263	288	301	25	13	4 %
Pensjon	29	46	48	16	3	6 %
Kjøp av varer og tenester	106	107	109	1	2	2 %
Andre driftsutgifter	19	22	19	3	-2	-11 %
SUM UTGIFTER	418	462	477	45	15	3 %
Netto kraftinntekter ex. grunnrente	-59	-39	-38	20	2	-4 %
Netto renteutgifter	13	23	27	10	5	21 %
SUM UTVALDE POSTAR	-46	-17	-11	29	6	-38 %
TOTALT	-25	42	39	67	-3	-7 %

Hovudbiletet viser at drifta i kommunen er langt frå i balanse, og at driftsutgiftene overstig inntektene kommunen har. Per mai syner inntektene ei auke på 6%, medan utgiftene har auka med 3%. Kraft og renter syner ei negativ utvikling. Til tross for at tala indikerer ei lita forbetring samanlikna med 2024, er meirforbruket stort. Det er få innsparingstiltak som har effekt endå, og det er omfattande endringar som må til på kort tid for å få økonomien i balanse før fondsmidlane er brukt opp.

Nokre kommentarar til enkeltpostar:

I 2025 er det gjort endringar i utrekninga av kommunen sin andel av skatteinntektene. Dette skal gjera tala meir føreseielege, men påverkar storleiken på tala og vanskeleggjer samanlikning med tidlegare år. Tidlegare inngjekk utbytte i skattegrunnlaget til kommunane, noko som medførte at ein større del av skatteinntektene til kommunane kom på slutten av året.

Satsane på eigedomsskatt for bustad og fritidsbustad har vore endra. I 2024 vart botnfrådraget auka frå kr 300 000 til kr 350 000, dette fører til ei nedgang i inntekta. I 2025 vart skattesatsen auka frå 3,0 til 3,3 promille, som medverkar til inntektsauken hittil i år.

For næringseigedommar har satsen vore uendra på 7,0 promille. Her har det også vore ei nedgang i 2024 og ein auke hittil i 2025. Hovudforklaringa er knytt til verdsettingsreglane for vasskraftanlegg.

Ramma for lønsvekst var i 2023 var på 5,4% og i 2024 på 5,2%. Lønnsoppgjeret for kommunane i 2025 ligg i snitt på 4,4%. Lokalt er det avvik frå lønsramma som følgje av endring i stillingar, vakansar og individuelle forhold.

Kjøp av varer og tenester vil normalt auke med inflasjonen frå eit år til neste. I 2023 var inflasjonen på 5,5% og i 2024 på 3,1%. Hittil i år er inflasjonen på 2,0 %. Storleiken på varekjøp varierer både frå månad til månad og frå år til år. Dette skuldast både endra behov og kva månad fakturaen kjem.

FORDELING PÅ KOMMUNALE TENESTEOMRÅDER (KOSTRA)

I denne tabellen syner den vanlege oppstillinga som vert nytta i budsjett, tertial- og årsrapportar. Tala syner netto tal for det einskilte tenesteområde.

Rekneskapsuttrekk 17.06.2025

Kostra Tenesteområder. Mai 2025 (MNOK)	REKN 2023/05	REKN 2024/05	REKN 2025/05	Endring 2023-24	Endring 2024-25	Prosent 2024-25
Administrasjon	26	26	28	0	1	5 %
Barnehagar	43	52	57	9	5	10 %
Barnevern	10	10	11	0	1	7 %
Brann- og ulykkesvern	8	9	6	1	-3	-31 %
Bustad	0	0	1	0	0	128 %
Finans og fellespostar	-319	-326	-339	-7	-13	4 %
Grunnskuleopplæring	74	88	92	14	3	4 %
Næringsforvaltning og konsesjonskraft	-55	-37	-35	18	2	-6 %
Kommunehelse	25	22	25	-2	3	12 %
Kultur	6	18	17	11	0	-2 %
Kyrkja	3	3	3	0	0	12 %
Plansak og byggesak	4	5	4	1	-1	-26 %
Pleie og omsorg	134	147	151	13	4	3 %
Samferdsel	6	8	6	2	-2	-22 %
Sosialeteneste	16	17	18	2	1	4 %
Styring og kontrollverksemd	2	3	3	1	0	-1 %
Tenester utanfor ordinært ansv.område	1	1	0	0	-1	-91 %
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-10	-5	-9	5	-4	83 %
TOTALT	-25	42	39	67	-3	-7 %

For innhaldet i dei ulike tenesteområda, sjå [Oversikt tenesteområde - Nettsider for Kvam herad](#)